LINDÅS KOMMUNE
Landbruksavdelinga

Terje Bøkevoll
Lurevegen 568
5912 SEIM

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Eli Bjørklid | 24.04.2017 |
| Vår: 14/977 - 17/11840 | Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no | |

# Gbnr 154/1 Bøkevoll. Varsel om arbeidsfrist SMIL.

Syner til søknad om tilskott til SMIL. I 2011 fekk du innvilga tilskott til gjerding, rydding og grinder. I 2014 fekk du utbetalt 75% av tilskottet og samstundes vart fristen for å gjere arbeidet ferdig lenga til 01.06.16.

Denne fristen er no gått ut. Resten av tilskottet vert trekt attende dersom du ikkje sender inn dokumentasjon på at tiltaket er ferdig. Dokumentasjon er faktura for innkjøpt meteriell og dokumentert tid som er gått med – både eige arbeid og leigd arbeid. Dessutan foto som syner arbeidet som er gjort. Før utbetaling kan landbrukskontoret komme på synfaring for å sjå at tiltaket er ferdig og i samsvar med reglane.

Dersom arbeidet ikkje er ferdig, ville det vore bra om du la fram dokumentasjon som svarar til 75% av arbeidet, slik du har fått utbetalt tilskott for.

Du har no ikkje høve til å få utsett fristen meir. Dersom det står att arbeid som du vil utføremå du sende ny søknad for å få tilskott til dette restarbeidet.

Med helsing

Eli Bjørklid
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Terje Bøkevoll | Lurevegen 568 | 5912 | SEIM |